



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 23.01.2020 kl. 15:30-18:10

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Terje Mork	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

Forfall:

Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2020/1		Godkjenning av innkalling og sakliste	RUNE ZIENER
SR 2020/2		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 10.12.2019	RUNE ZIENER
SR 2020/3		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2020/4		Budsjett 2020	RUNE ZIENER
SR 2020/5		Møteplan første halvår 2020	RUNE ZIENER
SR 2020/6		Konfirmantplan for Askvoll. Endra rammer.	RUNE ZIENER

I forkant av møtet var soknerådet på synfaring i Askvoll kyrkje.

Askvoll, 23.01.2020

Rune Ziener
referent

SR 2020/1 Godkjenning av innkalling og sakliste

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste som dei ligg føre.

SR 2020/2 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 10.12.2019

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 10.12.2019 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 10.12.2019 som den ligg føre.

SR 2020/3 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var oppe:

M 2020/01 KA: *Fellesråds kurs i Førde 26.02.2020*

M 2020/02 Utlysing av prostestillinga i Sunnfjord

M 2020/03 Advokatfirma Blikra, Slotterøy og Fonn AS: *Vedr. pengegave fra Holmedal hestetrygdslag (13.01.2019)*

M 2020/04 Trusopplæringsstillinga (status)

M 2020/05 Styret i Værlandet Bedehuskapell: *Søknad om stønad til trådløs mikrofon til lydanlegget i Værlandet Bedehuskapell (19.12.2019) (Skriv lagt fram i møtet.)*

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2020/4 Budsjett 2020

UTGREIING

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn

1.1.Nye investeringsprosjekt:

Askvoll kyrkje – installere automatisk ringeanlegg

I kyrkjene i soknet er det berre Kvammen kapell som har automatisk ringing. Det bør vere automatisk ringing i kyrkja i kommunesenteret, der det er flest arrangement. Eit anlegg (inkludert automatisk lukeopning) kostar omkring 190.000,-. Elektrikararbeid kjem i tillegg.

Finansieringsbehov:

Kr 200.000,- (100% kommunal finansiering).

Askvoll kyrkje - restaurasjon kyrkjetak

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekkja skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innafor ein tiårsperiode føretek restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna. I budsjettforslaget og kommunal økonomiplan er det lagt inn at ein nyttar kr 100.000,- i 2020 til eit forprosjekt og tek sjølve anleggsarbeidet i 2022.

Finansieringsbehov:

Kr 100.000,- (100% kommunal finansiering).

Vilnes kyrkje - klimaskalsikring

Riksantikvaren utlyste hausten 2019 særskilte klimaskalsikringsmidlar til 60 utvalde kyrkjebygg i Norge. Vilnes kyrkje fekk etter søknad kr 300.000,- til slik sikring, der det vert forutsett at kyrkjeieigar sjølv går inn med minimum 40%, altså 200.000,-. Askvoll sokn har om lag kr 200.000,- i restmidlar i bunde gåvefond til Vilnes kyrkje.

Dei mest prekære utbetringstiltaka etter tilstandsrapport utført av Akasia AS er lagt inn i prosjektet.

Finansieringsbehov:

Kr 500.000,- (60% frå Riksantikvaren og 40% eigenfinansiering).

Eigenkapitalinnskot KLP

Pliktig innskot, finansiert med overføring frå drift.

1.2 Vidareførte prosjekt frå 2019:

Parkeringsplass Vilnes

Tilbygg Vilnes (inkl. brannsikring)
Driftsbygning Askvoll kyrkjegard

Desse prosjekta er ført opp i budsjettforslaget 2020 vidareført frå 2019.

DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2020 i balanse.

2. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

2.1.0 Utgifter

2.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, med unntak av at prosjektperioden for 20% stilling i gravplassadministrasjonen går ut etter første halvår, og sekretærstillinga er redusert til 50% i heile 2020.

Her er lagt inn 3,1% lønnsvekst, og 6 mnd. 20% stillingsressurs er teke ut av admistrasjonen.

Auke her frå førebels budsjett er kr 11.700,-.

Samla for lønn og sosiale utgifter: 2.793.700,-

2.1.2 Kjøp av varer og tenester

Relativt faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 1.027.300,-, som er opp kr 48.300,- samanlikna med førebels budsjett/økonomiplan. Rammen her skal og dekke vedlikehaldsavtale for plenvedlikehald på gravplassane (om lag kr 85.000,-).

Det er føreslege brukt kr 90.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2020, som er ned kr 35.000,- frå økonomiplanvedtak, samt at ein nyttar kr 25.000,- i fondsmidlar frå bunde fond til Askvoll kyrkje for å delfinansiere tiltak på Askvoll kyrkje.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.117.300,- (kr 13.300,- meir enn i økonomiplanvedtaket). Det som er teke ut av planen er LED-lys i Vilnes kyrkje (som evt. kan fondsfinansierast) samt ein reduksjon på uføresettposten med kr 20.000,-

VU-plan 2020

VU-plan 2020	Utgift
Platting og trapp Askvoll kyrkje	20 000
Fjerning av gravminne for destruksjon	20 000
Nye lysekronearmar Askvoll kyrkje	15 000
Gudstenestebøker	5 000
Uføresett	30 000
<u>Sum</u>	<u>90 000</u>

2.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 14.000,- til eigenkapitalinnskot.
 - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 45.000,-.
 - Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 119.000,-

2.2.0 Inntekter**2.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornyng. Det er registrert ca. 70 festeutløp i 2019, med tilbod om fornyng frå 2020, og ein legg til grunn 80% fornyingsgrad. Arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2020 er i forslaget sett til ca. 70 stk. Samla stipulat for festeavgift i 2020 vert sett til kr 52.000,-

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 8.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 63.000,-.

2.2.2 Refusjonar og overføringar

Intern overføring av trusopplæringsmidlar for 10% ressursbruk av sekretærstillinga. Kr 60.000,-.

Bruk av bunde fond til Askvoll kyrkje, kr 25.000,-.

2.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunen sitt vedtak: kr 3.827.000,-.

2.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 45.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Tilskot rentekompensasjon for orgel er sett til kr 10.000,-

Samla tilskot og gåver: kr 55.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)	
<i>Utgifter:</i>	
Lønn og sosiale utgifter	2 793 700
Vare og tenestekjøp	1 027 300
VU-plan	90 000
Refusjonar og overføringar	119 000
<i>Sum utgift</i>	<u>4 030 000</u>
<i>Inntekter:</i>	
Brukarbetaling, sal og avgifter	-63 000
Refusjonar og overføringar	-85 000
Rammetilskot eigen kommune	-3 827 000
Andre tilskot og gåver	-55 000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 030 000</u>
Differanse	0

3 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

3.1 Generelt kyrkjelydsarbeid

Her ligg hovuddelen av kyrkjeofringane. Kr 80.000,- er lagt inn som offerinntekt som vert overført til andre. Tilsvarande er lagt inn kr 30.000,- for Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

Ofringar til eige arbeid er lagt inn med kr 25.000,- som finansierer ulike kyrkjelydstiltak (kyrkjekaffi, kyrkjemusikalsk arbeid, etc.).

Nytt av året er den planlagde festivalen «Kyrkjedagane i Askvoll». I førebels plan er det her eit prosjektbudsjett på kr 52.000,- utanom kostnaden til Kirkerotteteateret som inngår i prosjektet.

Det er budsjettert i balanse med kr 20.000,- i OVF-tilskot, 10.000,- i deltakaravgift på korprosjekt. Resterande kostnad vert dekkja med andre tilskot og gåver, kr 17.000,-

Deltenesta er budsjettert i balanse.

3.2 Trusopplæring

Her er lagt inn at ein har tilsett kyrkjelydspedagog frå 2. halvår 2020, finansiert med trusopplæringsmidlar frå det sentrale rettsobjektet, Dnk. Tilskotet vert avkorta grunna lite bruk av midlar i 2019, og resterande finansieringsbehov vert dekkja med bunde fond til trusopplæring.

Totalt delbudsjett er på kr 351.000,-.

3.3 Kyrkjeblad

Det er teke utgangspunkt i 3 utgåver av kyrkjebladet i 2020 som tidlegare med kostnad på omkring kr 75.000,-. Dette vert finansiert med bladpengar, annonsar og kyrkjeofringar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag for investering og drift som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag for investering og drift som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2020/5 Møteplan første halvår 2020

UTGREIING

Forslag til møteplan.

For at soknerådsmedlemmene skal verte betre kjend med kyrkjene og gravplassane, bør ein legge møta denne våren til dei ulike kyrkjebygga. Ein bør drøfte klokkeslett for møtestart.

Forslag til møteplan

Torsdag 27. februar i Kvammen kapell (vedta årsrekneskap og årsmelding 2019).

Tysdag 31. mars i Stongfjorden kapell (uttale i samband med søkjarliste prost)

Tysdag 28. april i Holmedal kyrkje (evt. bedehuset)

Torsdag 14. mai i Vilnes kyrkje

Torsdag 4. juni i Bulandet kapell (evt. Fiskarheimen). Offerliste 2. halvår 2020.

(Datoforslag justert i møtet)

Soknemøte/kyrkjelydens årsmøte vert lagt til Askvoll kyrkje 7. juni kl. 1730 (i forkant av gudstenesta kl 19.00)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner møteplanen som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Forslag om tilleggspunkt sett fram i møtet av Bjørn Arne Mjåseth:

2. Soknerådsleiar har fullmakt til å justere møteplanen.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner møteplanen som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

2. Soknerådsleiar har fullmakt til å justere møteplanen.

SR 2020/6 Konfirmantplan for Askvoll. Endra rammer.

UTGREIING

Soknepresten i Askvoll, som er ansvarleg for konfirmantundervisninga i soknet, ønskjer noko endra rammer for gjeldande konfirmantplan.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek endringar i konfirmantplanen som ligg i forslaget frå soknepresten.
2. Justeringane vert seinare tekne inn i trusopplæringsplanen når denne vert revidert.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek endringar i konfirmantplanen som ligg i forslaget frå soknepresten.
2. Justeringane vert seinare tekne inn i trusopplæringsplanen når denne vert revidert.